



Rundt 30 reiselivsaktører frå heile Kvinnherad kom til møtet på Solheim. Her skjenkar verten Henrik Lyse kaffe til Steinar Myklebust frå Rabben Camping. På den andre sida av bordet sit Agnar melkersen frå Husnes Båthamn. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kvinnherad har ikkje hatt noko reiselivslag på ni år, men eit positivt og representativt møte på Solheim måndagskvelden gav støtet til eit nytt liv for eit slikt lag – eller forum som dei no vil kalla det. Forumet skal, viss det blir som møteleiar Tormod Fossheim frå kommunen la fram forslag om, spela inn til ein regional organisasjon. Fossheim har, på vegne av komunen, stått i spissen for den nye giv.

Det vart vald eit interimstyre som skal legge grunnlaget for nyorganiseringa og i tillegg til representantar for kommunen og Kvinnherad Vidaregåande Skule er desse med der: Leif Sverre Enes, Johannes Eide, Linda Løvfall, Agnar Melkersen og Knut Førland. Kommunen tek ansvaret for å kalla inn til det første møtet.

I ein regional organisasjon tenkjer ein seg at både reiselivsaktørane, Samarbeidsrådet i Sunnhordland, Hardangerrådet, Reisemål Hardangerfjord, Folgefonna Nasjonalparksenter og kommunen skal vera med. Organisasjonen skal med andre ord ikkje begrensast til Sunnhordland, men vera ein paraply for to regionar.

Kjartan Pettersen, som no har takka for seg som reiselivskrumtapp i Kvinnherad og starta i fylkeskommunen, var på møtet og sa mellom anna dette:

- Kvinnherad fekk i sin tid ein kald skulder frå Hardanger og det var forståeleg ettersom dei trudde at dei skulle komme gratis inn. Men no gror det stadig opp nye prosjekt der begge regionar er med og det er mykje pengar som berre ventar på å bli brukt. Her ligg det an til samspel og samarbeid i åra framover. Svein Opdal var inne på det same:- Tida då ein kunne driva Rosendal berre som Rosendal er forbi og motsetningane mellom Hardanger og Sunnhordland er på veg ut. Vi er i ferd med å løfte oss opp og få eit fugleperspektiv og det er slik det må vera: Vi utfyllar kvarandre. Vi er eit fellesskap og må opp slik at folk ser oss. Då får vi også større ressursar å spela på.

Opdal var også oppteken av at ein tek kulturminna meir i bruk som reisemål for turistane og nemnde i den samanheng Bygdetunet Rød og bøkkerverkstaden i Uskedalen. Han trakk også fram Ulvanåso som klatre-


eldorado og som altfor få kjenner til i dag.

Kjartan Pettersen peika på det unike mogelegheiter som nasjonalparken opnar og nemnde ein nasjonalpark i Tsjekia som eit døme. Den har sin stab på 600 personar, medan norske nasjonalparkar har to-tre.

Agnar Melkersen frå Husnes Båthamn streka under kor viktig det er å ta godt vare på båtfolket som kjem hit og har med seg båtane sine.

Under møtet var også den aukande skaren av syklende og kjøpesterke turistar i fokus. Samarbeidsrådet for Sunnhordland står bak eit offensivt sykkelprosjekt og eit av dei lanserte turopplegga går også forbi Uskedalen. Ei spesiell skilting for dei syklende er no på gang, og Kristian Bringedal minna i den samanhengen om at det også må skiltast opp mot tverrdalane - til dømes Uskedaken - slik at turistane kan fristast til å ta avstikkarar frå hovudruta.

Av Ola Matti Mathisen



Slik tenkte Tormod Fosheim frå kommunen seg ein regional overbygging for reiselivet.